

Fiske i sajve-sjøen

Ein gong var det to samar som fór til fjells for å fiske med garn. Den eine var gammal, den andre var ung. Så snart dei kom fram til vatnet, begynte dei å fiske. Men dei fekk lite fisk, så dei fann snart ut at dei ville gi opp og heller dra heim igjen. Då sa den eldste: – Eg veit om eit vatn her oppe med massar av fisk, både store og feite. Men det nyttar ikkje å prøve seg om ein ikkje kan teie. For det er eit sajve-vatn. – La oss gå dit då, sa den yngste samem. – Eg kan nok teie. Dermed fór dei til sajve-vatnet. Der kasta dei ut garnet og drog det mot land. Garnet var fullt av sprellande fisk. Då tenkte den yngste:

– Desse fiskane kan ikkje smette ut. Det finst ikkje feil i garnet. Og han sleppte frå seg eit ord. Han klarte ikkje å teie stille. Brått var heile garnet tomt, og ikkje ein fisk var å sjå. Då sa den eldste samem: – Det nyttar ikkje for oss å fiske her. Eg tenkte nok at du ikkje kunne teie. – La oss prøve ein gong til, bad den andre, – eg klarer det denne gongen. Så kasta dei ut garnet att. Dei drog det mot land. Då garnlinja var trekt inn, såg dei at garnet var fullt av fin fisk. Då tenkte han igjen: – No kan dei i alle høve ikkje på noko vis sleppe unna. Og det sa han også. Med eitt var kvar einaste fisk forsvunnen. Dei fekk ingenting. Då sa den eldste samem: – Vi kan like godt gå heim. Det vil ikkje lukkast oss å få fisk her, når vennen min slett ikkje kan teie. Då trygla den yngste han endå ein gong og lova at no skulle han ikkje seie ein lyd. – Berre du, bestefar, vil. Eg har lært det no! Dei kasta ut garnet på ny. Dei drog det mot land. Det var fullt av fisk i det. Han heldt på å sleppe eit ord igjen, men klarte å stoppe i tide. Då dei hadde fått garnet på land, hadde dei ein veldig fangst, og det var stor feit fisk. No sa den eldste samem: – Der ser du. Fordi vi tagde, fekk vi mykje. Sånn er det med sajve-sjøen. Vil ein fiske her, må ein teie.